

VISUELLE KUNSTFAG

Gleda og energien i det å skape og eksperimentere står sentralt i faget visuell kunst.

I visuelle kunstfag vil du som elev arbeide med å skape sjølvstendige uttrykk innanfor bilete, form og farge. Her kan du utvikle kreativitet, sjølvstendige uttrykk, og lære ferdigheiter og kunnskapar i ulike teknikkar og material. I Austrheim kulturskule skal vi blant anna arbeide med akrylmaling, akvarell, teikning, grafisk trykk, lage skulpturar og biletbehandling.

Målet med visuelt kunstfag er å utvikle evnene til å bruke sansane, stimulere lysta til å utforske ulike uttrykksmåtar og å gi mogelegheit for samarbeid med andre elevar. Me lagar utstillingar der alle elevane er representert.

Undervisninga føregår i grupper på 60-90 minutt undervisning per veke.

Målgruppe: frå 4. klasse og oppover.

Stad: Kulturskulen sine lokalar, Austrheimsvegen 1009

Tid: Tysdag kl. 15.30-16.30: 4-6. klasse

Tysdag kl. 16.30-18.00: 7. klasse og oppover.

Påmelding:

<https://noaustrheim.speedadmin.dk/registration#/>

Lurer du på noko meir, er det berre til å ta kontakt med leiar Elisabeth Jensen Risnes

Epost: elisabeth.jensen.risnes@austrheim.kommune.no

Telefon 98822075